

Sakshandsamar:

Susan Husabø
E-post: Susan.Husabo@sfj.no
Tlf.: 57638150

Vår ref.

Sak nr.: 19/776-18
Gje alltid opp vår ref. ved kontakt

Internt l.nr.

13114/19

Dykkar ref.**Dato**

LEIKANGER, 18.03.2019

Notat

Til: Hovudutvalet for opplæring
Frå: Fylkesdirektøren for opplæring

Mogleg utviding/omlegging av YSK-tilbodet ved Måløy vgs

I handsaming av Opplæringstilbodet for skuleåret 2019- 2020 (18 sak 34/18) i møte 20.11 gjorde hovudutvalet slikt vedtak i punkt 5:

«Hovudutvalet ber om å få framlagt ei sak i løpet av 1.halvår 2019 om ei mulig utviding/omlegging av YSK-tilbodet ved Måløy vgs til også å omfatte IKT-fag, jmf innspel frå næringslivet.»

Frå skuleåret 2020-2021 vil hovudutvalet for opplæring og kompetanse i Vestland fylkeskommune fatte vedtak om kva opplæringstilbod som skal lysast ut ved dei fylkeskommunale vidaregåande skulane.

Delprosjektområde (DPO) 1.5 Tilbudsstruktur, skal som del av sitt oppdrag, levere framlegg til utforming av tilbudsstruktur som også tek i vare konsekvensane av ny tilbudsstruktur i yrkesfaga frå hausten 2020. Frist for sluttrapporten er 1.juni 2019.

Fylkesdirektøren si vurdering er at også framlegg om nye tilbod ev. utvikling av eksisterande tilbod bør hansamast som del av arbeidet i delprosjekt 1.5 og at prosjektleiaren får i oppdrag å innlemme hovudutvalet sitt ønske i det vidare arbeidet.